


# Kyrkje- helsing

**Kyrkjelydsblad for Osterøy**

Nr. 1 februar/mars 2004





# Godt nytt år

No er me alt fleire veker inne i eit nytt år, men me tykkjer likevel at det høver å bera fram helsinga om eit godt år.

Mange hev kan henda store voner og forventningar når me går inn i eit nytt år.

Det hugsar eg for eigen del at eg og hadde i yngre år. Men for mange av oss går livet sin vande gang i sine vande rutinar. Det vert liksom berre det siste talet i årstalet som er heile endringa.

For eigen del er eg ikkje så glad i vinteren lenger. Det vert meir kviasamt å ta ut på tur med bilen på vinterføre.

Men no før morsdagen såg eg den første von om vår i vente.

Snøklokken står med opne klokker og lyser grønt og kvitt og fortel at livet i jorda vaknar til att.

Etter kvart kjem klosterklokker og krokus, og seinare påskelijer og tulipanar.

Og ettersom alt dette lyser mot oss i hagane kjem det og meir livsmot og arbeidslyst også i ein eldre kropp.

Ruskeversdagar hev eg no etter nyttår nyitta til å rydda. Til vanleg samlar eg på altfor mykje, men no måtte noko kastast. Sume skrifter tykkjer eg det er godt å ha samla. Mellom anna bladet "Stille stunder". Eg blar av og til i desse årgangane og hev nyitta fleire dikt eg hev funne der i "Kyrkjehelsing".

No ein dag trefte eg på ei lita bøn som eg vil dela med lesarane av "Kyrkjehelsing". Den er fritt omsett frå engelsk og lyder slik :

## Eg vert eldre

Herre, du veit betre enn eg at eg frå dag til dag vert eldre.

Fri meg frå slik innbilliging at eg kvar tid og stund er nøydd til å vera på høgd med alle andre i alle ting. Fri meg frå at eg vil ordna opp i andre sine saker.

Eg vågar ikkje å be om å få hugsa betre, men hjelp meg til å vera litt mindre sjølvsikker når eg er usamd med andre.

Lær meg å innsjå at eg ofte tek feil. Lær meg også å setja pris på at det veks opp dugande folk, og gjev meg den velsigna gåva å snakka om dette og mindre om meg sjølv.

Denne bøna vil nok etter kvart høva godt også for meg.

# *Ver ikkje redd, berre tru*

( Mark. 5, 35 – 43 )

Jairus hadde sikkert vore uroleg heile natta. Han var fortvila over at Jesus var borte på den andre sida av sjøen, akkurat då dottera var blitt dødssjuk. Han sende bod ned til havna og fekk deretter fort melding om at Jesus var på heimveg.

Jairus går så ned til kaia og møter Jesus og legg seg ned på kne framfor han og ber at han må koma heim til huset hans og leggja hendene på den febersjuke dottera. Folket der på kaia seier då at Jairus ikkje må plage Jesus fordi dotter hans alt er død. Då seier Jesus desse orda : VER IKKJE REDD , BERRE TRU.

Det er ikkje lett å tru på Guds hjelp når vi er redde og kjenner oss hjelpeause. Det første vi gjer når ein av våre kjære blir sjuk, er å få tak i medisinsk behandling. Det betyr ikkje at vi har gløymt Gud og heller ikkje er gløymt av Gud. Vi har i tru og tillit lagt våre liv i Guds hånd og veit at han er med oss i alle gode og vanskelege situasjoner i livet. Salmisten seier :

EG VIL LÆRE DEG OG VISE DEG DEN VEGEN DU SKAL GÅ.

EG VIL LA MITT AUGA KVILA PÅ DEG OG GJE DEG RÅD:

John Wesley var svært redd under en storm om bord på en seilskute. Midt under stormen fekk han høyre vakker sang. Det var en flokk Kvekere som sang sterkt og frimodig. Wesley spurte leiaren om dei ikkje var redde i det fryktelege uveret. Men han svarte : Vår Gud tåler ein storm. Vi kan sikkert undre oss over om det går an å vera ein kristen når ein ofte er redd og føler seg hjelpeaus. Men vi skal hugse at hovudsaken er at vi har ein stor Gud, ein allmektig Frelsar å tru på. Det hjelper lite å ha stor tru på seg sjølv, men det er god hjelp i ei lita tru på ein stor Gud.

Jairus gjorde som Jesus sa og fekk oppleve at dotter hans blei frisk. Mange har også i vår tid brukt mykje tid på å be for sine kjære utan at dei alltid har opplevd bønesvar. Då må vi ikkje miste motet, men ha tru og tillit til at Gud står fast ved sine løfter.

Å TRO DET ER Å TAGE SIN FRELSER FAST I HÅND,  
OG VANDRE ALLE DAGE VEILEDET AV HANS ÅND .

*Alf R. Kallestein*

## **OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL**

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar  
og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

### **Direkte innval:**

Sekretær	56 19 22 71
Mikal Toska	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

### **Prestane:**

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

### **Kyrkjemusikk:**

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

### **Kyrkjeleg fellesråd:**

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Kjartan Tysse

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

### **Soknerådsleiarar:**

Bruvik: Wenche Fiskeseth

Gjerstad: Berit Solberg

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Einar J. Selvik

Hosanger: Gyda Tveiten Lewis

### **Kyrkjehelsing redaksjonsnemnd:**

Redaktør Olav Melvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Elna Mjelstad

Øyvind Vevle


# En episode fra New-Orleans

Av Einar J.Selvik

I Kyrkjhelsing nr. 4 i fjar skreiv Einar J.Selvik om sjømannskyrkja i New-Orleans, og hadde då og teikna denne kyrkja. Denne gongen fortel han om ein episode ved den same kyrkja.

En av de tingene som alltid har kjennetegnet sjømannskirken er at ingen sjømann har blitt avvist selv om det luktet litt sterkere saker av hans munn enn Hansa brus, men rett skal vere rett, om en sjømann måtte døyve nervene med en ”pikkandes liten en” etter en lang nerveslitende overfart i forykende vær i dagevis, ville de fleste holde seg unna kirka til de ble edrue. Og om de untaksvise stakk innom ruset, var respekten for kirka så stor at det var liksom ryggen rettet seg, gangen ble rett og blikket klart. Jeg kan med min beste erindring ikke minnes noen skandaløse episoder i min tid til sjøss.-

Episoden jeg skal fortelle om hendte da vi lå i New-Orleans med ”Kings Star”, som jeg fortalte om i en tidligere epistol. Jeg kan tenke meg at presten og de ansatte på kirka mang en gang satt på nåler når de vissste at en eller flere besökende luktet alkohol, Ett gammelt ord sier jo at der alkoholen renner inn, renner vettet ut. I alle fall, angjeldende kveld kom en av skipets styrmenn seilende inn på kirka for frisk bidevind, litt rødsprent i blikket, luktende fysfysj, men elles i strålende humør. Overnevnte styrmann var en kjempesvær rugg, lys i håret og kunne godt illudere en ekte berserk. Som sunnmøringer flest var han vel bevandret i Jakob Sande. Han var ganske flink til å traktere gitaren, selv om han ikke alltid sang i samme dur som han spilte. For oss som kjente ham var han kjent som en riktig skøyer med en litt bisarr humor og en fantastisk kreativ fantasi. Jeg må



innrømme at jeg satt litt på nåler, klar til å gripe inn hvis noe skulle oppstå. Men idyllen var fullkommen. Han treiv gitaren til en av de ansatte og begynte å spille og sygne fra ovnevnte Sandes verker, og under over alle undere, fra første tone giikk stemme og gitar i samme dur. Ene visa fulgte den neste og applausen blandt tilhørerne vokste for hvert nummer helt til han plutselig annonserte : ” Og no skal eg synge en skikkelig grisevise.” Da sa det pang oppe i mitt stakkars hode. Jeg spratt opp for å redde skutas ære og renommé. Presten Paul, som antakelig og hadde ”sittet på nåler” spratt opp, men akk o ve, før noen av oss rakk fram og fikk kneblet ham begynte han å sygne en sot liten vise om en gris ved navn Esmeralda. Hva den handlet om kan jeg til dagsdato ikke si. Om Jakob Sande har skrevet

den vet jeg heller ikke. Det eneste jeg vet, og det er noe jeg har kommet fram til i senere år, er at vi alle som var der er blitt tatt grundig ved nesen, at det hele var et omhyggelig isenesatt skuespill. Tanken min er at at han kan ha gurglet munnen sin med litt ”ildvann”, gnidd seg grundig i øynene for å få dem passelig rødsprengte og heist bidevind i seilene. Når jeg tenker tilbake så hadde han et eget lurt, litt arrogant glimt i blikket da pastor Paul og undertegnede dydens voktere flau retunerte til våre respektive stoler.

Dette var det engelskmenne kaller ” A practical joke,” spør du meg.

P.S. Jan, hvis du noen gang leser disse linjer, så er det et skriftlig bevis på at spøken lyktes. Men det visste du jo allerede.

# Min salme

**Margot Raknes :** Min salme er ” Deg å få skode er sæla å nå.” Denne salmen seier så mykje og er så fin. I andre verset m.a . ”Far lat meg vere barn her hjå deg. Kom til meg, Herre, ja, bu du i meg.” Når

eg og tenkjer på kor gamal denne irske salmen er, heilt frå 700- talet, og med sin fine irske tone vert dette den finaste salmen for meg. Salmen står på 479 i salmeboka.

*Deg å få skode er sæla å nå,  
Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå;  
ver du for tanken min dyraste skatt,  
Ljoset som strålar ved dag og ved natt!*

*Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,  
tal du det levande ord med di røyst!  
Far, lat meg vere barn her hjå deg.  
Kom til meg, Herre, ja, bu du i meg.*

*Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd;  
ver du det merket som syner mitt verd,  
livd for mi sjel, den tryggaste vakt;  
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!*

*Rikdom og ære som menneske gjev,  
er ikkje meir enn den morknande vev.  
Du er min arv som varer til sist,  
himmelske konge, det veit eg for visst.*

*Konge i æva, å lat du meg då  
sigrande inn i ditt rike få gå!  
ver du mi tru, den vona eg ber  
til eg får skode din herlegdom der.  
Amen.*

Salmen er omsett til norsk av Arve Brunvoll i 1978.

Ho utfordrar Inglaug Sandal til å senda inn sin salme.

**Laila Eriksen**, som vart utfordra av Marta Gjerstad skriv til oss :  
I siste nummer av ”Kyrkjehelsing” utfordret Marta Gjerstad meg til å velge

min salme. Det er ikke helt enkelt, for vår salmeskatt er så rik, og favorittsalmen kan forandre seg med kirkeåret og livssituasjonen. En av dem er for meg ”Deg å få skoda er sæla å nå”. Den taler sterkt om den trygghet og glede som troen på Jesus gir.

Jeg vil utfordre Roger Breivik, Lonevåg, til å velge sin salme.



# Velkommen til kyrkja

## 22.februar Sundag før faste. Joh.12,24-33.

- |                    |  |
|--------------------|--|
| Hamre kl.11.00.    | Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Sjømannsmisjonen                  |
| Hosanger kl.11.00. | Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Kia (Kristent innvandrararbeid.). |

## 25.februar Oskeonsdag. Matt.6,16-18.

- |                |   |
|----------------|---|
| Haus kl.19.00. | Fastegudsteneste. Melve. Nattverd. Fastesuppe i kyrkjelydshuset etterpå. Takkoffer. |
|----------------|---|

## 29.februar 1.sundag i faste. Matt.16,21-23.

- |                    |  |
|--------------------|--|
| Gjerstad kl.11.00. | Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Kirkens bymisjon. |
| Bruvik kl.17.00    | Gudsteneste. Skeie. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.      |

## 7.mars 2.sundag i faste. Luk.7,36-50.

- |                    |   |
|--------------------|---|
| Hamre kl.11.00.    | Høgmesse. Melve. Dåp Nattverd. Takkoffer til Prostirådet. |
| Gjerstad kl.19.00. | Lovsongskveld.  |

## 14.mars 3.sundag i faste. Hebr.12,1-3

- |                |   |
|----------------|---|
| Haus kl.11.00. | Høgmesse. Dåp. Nattverd. Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Årsmøte i kyrkjelyden og for kyrkjelaget. |
|----------------|---|

## 21.mars Midtfastesundag .Joh.6,24-36.

- |                    |  |
|--------------------|--|
| Gjerstad kl.11.00. | Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til KABB (Kristent arb. blant blinde) |
| Hamre kl.16.00     | Gudsteneste. Skeie. Takkoffer til KRIK (Kristen idrettskontakt)            |

## 28.mars Maria bodskapsdag. Luk.1,46-55

- |                    |   |
|--------------------|---|
| Hosanger kl.11.00. | Høgmesse. Skeie. Nattverd. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til Bergen sundagsskulekrins. |
| Bruvik. kl.11.00.  | Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Bergen sundagsskulekrins.                    |

## 4.april Palmesundag .Joh.12,12-24.

- |                 |   |
|-----------------|---|
| Hamre kl.11.00. | Familiegudsteneste. Prostiprest Werner Larsen. Dåp. Takkoffer til |
|-----------------|---|

Strømme-stiftelsen.  
Nattverd.

Gjerstad kl.11.00.

Familiemesse.  
Melve. Takkoffer til Familierådgivingskontoret i Bjørgvin

## 8.april Skjærtorsdag. Jes.53,1-5.

- |                  |                               |
|------------------|-------------------------------|
| Bruvik kl.18.00. | Gudsteneste. Melve. Nattverd. |
|------------------|-------------------------------|

Hosanger kl.19.00.

Gudsteneste. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Nordhordland indremisjon

Haus kl.20.00.

Gudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Radio Osterøy/P7.

## 9.april Langfredag. Joh.18,1-19,30.

- |                 |                            |
|-----------------|----------------------------|
| Haus kl.11.00.  | Pasjonsgudsteneste. Melve. |
| Hamre kl.11.00. | Pasjonsgudsteneste. Skeie. |

## 10.april Påskeaftan. Luk.24,1-12.

- |                 |  |
|-----------------|--|
| Hamre kl.23.00. | Påskenattsgudsteneste. Skeie. Melve. Nattverd. |
|-----------------|--|

## 11.april Påskedag. Joh.20,1-10.

- |                    |   |
|--------------------|---|
| Gjerstad kl.11.00. | Høgtidsgudsteneste. Melve. Skeie. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til Osterøy sundagsskulelag. |
|--------------------|---|

Haus kl. 09.00

Morgonsong. Mevle. Påskefrukost etterpå.

## 12.april 2.påskedag. Joh.20,11-18.

- |                    |                                      |
|--------------------|--------------------------------------|
| Hosanger kl.11.00. | Høgtidsgudsteneste. Skeie. Takkoffer |
| Bruvik kl.11.00.   | Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer |
| Gjerstad kl.19.00. | Lovsongskveld.                       |

## DÅP

Det høver med dåp desse dagane:

Hamre: 7/3 , 4/4 og 10/4

Hosanger: 28/3 og 12/4

Gjerstad: 4/4 og 11/4

Haus: 14/3 og 18/4

Bruvik: 12/4

# Familie-nytt



## HAUS

### *Døypete:*

- 16.11.03 Tiril Loftås  
16.11.03 May-Linda Veseth  
16.11.03 Vilde Vatle Nesthus  
23.11.03 Michelle Våge  
(døypt i Gjerstad kyrkje)  
07.12.03 Håkon Mjelde

### *Gravlagde:*

- 11.11.03 Sverre Borge (f. 1927)

## GJERSTAD

### *Døypete:*

- 08.11.03 Alexandra Christin Nordås  
09.11.03 Hedda Helene Lone  
30.11.03 Marielle Mosevoll  
(døypt i Hamre kyrkje)  
18.01.04 Marius Helland  
18.01.04 Veronica Myking Hammersdal

### *Gravlagde:*

- 06.11.03 John H. Myking (f. 1926)  
13.01.04 Åshild Søgnesand (f. 1947)  
19.01.04 Lars Greve (f. 1914)  
03.02.04 Kari Langeland (f. 1930)

## HAMRE

### *Døypete:*

- 28.12.03 Rosalinn Øksnes  
(døypt i Laksevåg kirke)  
04.01.04 Einar Skaar Andersen  
04.01.04 Adrian Bognøy  
04.01.04 Karolina Steinsland Bjørge  
25.01.04 Gabriella Hjellvik  
08.02.04 Trond Fosdal Århus  
08.02.04 Vegard Hoel Århus  
08.02.04 Emilie Linnea Helland Tøsse  
08.02.04 Mathilde Rebnord Johnsen

### *Vigde:*

- 13.12.03 Terje Hopland og Audhild Vevle  
10.01.04 Elin Kåstad og Knut Bjerklia

### *Gravlagde:*

- 28.10.03 Olai Storsæter (f. 1928)  
(gravlagd ved Åsane gamle kirke)  
04.11.03 Arna Håland (f. 1918)  
27.11.03 Anna Bleikli (f. 1902)  
19.12.03 Ole Bleikli (f. 1925)

Kyrkjeskyss  
til Hosanger  
frå Tysse,  
ring  
Olav Meltvik,  
tlf. 56 39 52 27.

- 30.12.03 Andreas Torskeller (f. 1908)  
30.12.03 Borghild Fotland (f. 1919)

## HOSANGER

### *Døypete:*

- 23.11.03 Rània Loftås

### *Gravlagde:*

- 03.12.03 Nils Tysse (f. 1924)  
16.12.03 Else Hay Tysse (f. 1917)  
17.12.03 Severin Løtveit (f. 1920)  
02.01.04 Synneve Systad (f. 1917)

## KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:

Agnar Vevle, tlf. 56 39 43 53  
Rune Revheim, tlf. 56 39 21 04

Ver ikkje redde for å ta kontakt.  
Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane kører sjølv, får dei andre til å gjera det.

### Kyrkjeskyss til Haus kyrkje

Desse personane kan kontaktast  
pr. telefon:

Berit Torp 56 39 03 59  
Einar Johnny Selvik  
98 06 48 54  
Sigrid Mjelde  
56 39 01 04

### Kyrkjeskyss til Bruvik

Ring Wenche Fiskeseth  
tlf. 56 39 18 21  
Otto Mo tlf. 56 39 19 42

# Konsert i Osterøy-hallen i høve barneåret i Bjørgvin

v/ Øyvind Vevle

Det var tett pakka med folk i Osterøyhallen sundag 1. februar då den store konserten for å markera barneåret i Bjørgvin bispedøme vart avvikla. Rune Larsen og Lise Børud var namna som skulle dra folk ut or sofaen og etter- middagsslumringa denne sundags ettermiddagen, og det greidde dei. Men der var og lokale og regionale aktørar på bana.

Først på scenen var "Liljene", eit barnekor frå Sion, Bysheim. Dei song både åleine og i fellesskap med publikum.

Trond Fossdal Århus imponerte på elektrisk piano med "Mornings has broken" og "St. Louis blues".

Kings Kids i Bergensregionen, med 7 deltagarar frå Osterøy i rekjkene sine, framførte song, dans og dokketeater. Nokre av songtekstane var slik: "Ordet holder deg på sporet," Uten ordet er du helt på jordet" og "Jeg er på vei til himlen".

I pausen var det sal av kaffi, kaker og brus.

Rune Larsen la vekt på samsong med publikum, og det greidde han. Der kom nok erfaringa hans som programleiar i fjernsynet han til hjelpe. Han framførte popmusikk, rock og enklare barnesongar.

Mange av dei små såg nok fram til å høyra Lise Børud, ei lita jente som måtte ha ein kasse å stå på for å visa i "terrenget". Ho song blant anna. "Mamma- korleis kan Jesus bu både i himlen og i hjarta?" og Bli med til sondasskolen". Saman med eit stort kor på omlag 50 born frå Osterøy song ho og eit par-tre songar.



Lydnivået var høgt. Det hadde vore ein føremon om det hadde vore stilt noko ned.



Trond Fossdal Århus  
imponerte på elektrisk  
piano



**Under:**  
Kings Kids framførte  
song, dans og dokketeater



**Over:** Jon Herland ynskte velkommen.

Til venstre:Lise Børud syng seg heim til  
mange tilhøyRARar.

**Under:** Liljene frå Sion Bysheim song  
fint.



# Soknepresten har ordet


## Ei apostolisk kyrkje

Det er kan henda nokon som kjenner att desse orda frå den nikenske truedkjenningsa. Ved særlege høve brukar me den nikenske truedkjenningsa i kyrkja. At kyrkja er apostolisk, vil seia at ho står på apostelgrunnvollen. Dei 12 apostlane var utvalde av Jesus sjølv, og dei hadde ei særleg oppgåve som kyrkjegrundleggjarar. Peter, som er "ordførar" for dei andre apostlane, vedkjende si tru på Jesus, og då svara Jesus at han gav uttrykk for den tru og vedkjenning som kyrkja skulle byggjast på (Matt.16).

I våre dagar har somme byrja å bruka ordet apostel om leiarar i kyrkja. Det er særleg i ein del karismatiske miljø dette ordet vert brukt. Den vanlege bruken av ordet i Bibellen, gjeld dei 12 apostlane som Jesus valde ut til

å vera lærersveinar. Paulus vart seinare rekna som apostel, fordi han hadde møtt den oppstadne Kristus. Å vera vitne om oppstoda var ei sentral oppgåve for ein apostel. Difor reknar me ikkje med at apostelenesta høyrer til andre enn dei som levde i lag med Jesus. Apostlar har me ikkje i dag. Likevel kallar me kyrkja for ei apostolisk kyrkje.

Ein apostel tyder ein utsending med fullmakt. I våre dagar er det ordet ambassadør som kjem nærmeste i tydinga. Apostlane hadde si store oppgåve i den første kristne tida, som kyrkjegrundlaggjarar. Difor har me ikkje apostlar i dag. Dei la grunnvollen som me skal byggja vidare på. Og no er det vår tur til å byggja. Det er vårt ansvar i dag til å bruka det grunnlaget dei har lagt. Og på apostel-



grunnvollen byggjer du trygt !

**Johannes Melve**

## Velkommen til vinter-/påskeleir 2004 i Sætervika

### Vinterleir

1. 27.02 - 01.03	10-13 år,	kr. 600,-
2. 01.03 - 04.03	10-12 år	kr. 600,-
3. 04.03 - 07.03	9-12 år	kr. 600,-

Sætervika Ungdomssenter ligg ved Tysse i Samnanger. Kvar dag på leir får vi høyra om Jesus og misjonsarbeidet. Elles vert det leik, spel, skiturar til Kvamskogen m.m.

### Påskeleir

1. 02.04 - 06.04	6-10 klasse	kr. 690,-
2. 07.04 - 12.04	Kretsungdomskorets	påskeleir

**Påmelding og nærmare opplysningar:**  
Norsk Lutherisk Misjonssamband,  
Sydneskleiven 22,  
5010 Bergen, tlf. 55 90 48 00, fax. 55 90 48 10,  
E.post: bergen@nlm.no

# Statistikk for Osterøy prestegjeld 2003

	<b>Bruvik</b>	<b>Haus</b>	<b>Gjerstad</b>	<b>Hamre</b>	<b>Hosanger</b>	<b>I alt</b>
Gudstenester	20 (22)	29 (31)	38 (37)	27 (27)	28 (25)	142 (142)
Gudsteneste deltakarar	1328 (1179)	3208 (2460)	4350 (3704)	3264 (2947)	2168 (2066)	14318 (12356)
Nattv.gjester	125 (133)	380 (347)	742 (764)	353 (497)	295 (181)	1.895 (1.922)
Døypte	3 (8)	17 (15)	20 (23)	26 (27)	13 (21)	79 (94)
Vigde	1 (3)	5 (4)	5 (4)	8 (11)	3 (4)	22 (26)
Konfirmerte	5 (8)	18 (18)	24 (20)	34 (23)	18 (20)	99 (89)
Gravferder	5 (9)	11 (4)	8 (23)	19 (15)	18 (17)	61 (67)
Innmelde	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (1)	0 (1)
Utmelde	0 (0)	0 (2)	2 (4)	3 (0)	1 (0)	6 (6)
Ofringar	21.860(24.074)	57.377(50.146)	107.466(112.137)	72.330(73.977)	55.358(42.397)	314.391 (302.731)

## Til statistikken

Fleire til kyrkje !

Statistikken for Osterøy prestegjeld fortel om stabile tal . Frå år til år er det ikkje store svingar. Det gledelege for 2004 er at fleire har gått til kyrkje, i alle sokn. Me vonar at dette er ein auke som held fram ! Enno er det god plass i kyrkjene . Auke har det også vore i summen som gjeld ofringar. At det er nedgang i talet på døypte og oppgang i talet på konfirmantar, har vel helst med svingingar i årskulla å gjera.

## Trekkingssliste - Barneårsarr. i Osterøyhallen 1.februar

Bok	Nr.	Namn	
1.	43	16	Maria Johnsen
2.	72	30	Kurt Sørås
3.	29	45	Andrè Bjelland
4.	78	10	Minni og Einar Fotland
5.	35	30	Daniel Kleiveland
6.	10	11	Borghild og Johs. Melve
7.	40	03	Berit Torp
8.	28	02	Gabriel Vatle
9.	13	29	Borghild og Johs. Melve
10.	72	31	Kurt Sørås
11.	14	03	Ørjan Rivenes Johnsen
12.	16	25	Ingrid og Johannes Torp kyrkjebilete
13.	56	13	Simen Grimstad Øksnes kyrkjebilete
14.	67	33	Edvard Skjerpning
15.	69	12	kyrkjebilete
16.	46	31	Jorunn Sleire
17.	29	45	kyrkjebilete
18.	44	18	Jonas Lid
19.	23	05	CD King's kid
20.	80	02	Andrè Bjelland
21.	01	09	Stig Andrè Langeland
22.	39	17	Yngve Revheim
23.	38	40	Roy Arne Hauge
24.	43	36	Laila Hustrulid
25.	64	48	Jarle Rolland
26.	25	36	Borghild Melve
27.	08	25	Kristin Sangolt
			Gaute Kleiveland
			Jon Solberg
			Magnhild Taule
			kyrkjebilete Hamre

# Trekning av Hosanger kyrkjeforeining sine loddbøker

Gevinst, loddnr. og vinnar:

1. Dokke med utstyr/klede F 310  
Elsa og Ingvald Tepstad, Fjellskålnes
- 2 Brodert kaffiduk M240  
Målfrid Fotland, Fotlandsvåg
- 3 6 kaffikoppar G 287  
Edith Fotland, Fotlandsvåg
- 4 Strikka damedrakt L 254  
Jenny Litland
- 5 Brodert toalettrullhaldar L 181  
Nadja Tysse
- 6 Hardangersaumserviett D 311  
Brigt Skeie, Hosanger
- 7 Akvarell N 219  
Gunvor Mjøs, Hosanger
- 8 Strikka barnedrakt L 448  
Asgjerd og Kjell Nilssen, Tyssebotnen
- 9 PLEDD A 216  
Hild Breivik, Lonevåg
- 10 Brodert juleløpar K 161  
Louise A. Hole, Hosanger
- 11 Blom L 79  
Irene Vik, Bysheim
- 12 Blom L 25  
Thomas Losvik, Bysheim
- 13 Blom H 127  
Gunnel og Åsmund Tveiten, Hosanger
- 14 Blom E 202  
Elin Hoshovde, Hosanger

Rett trekning vert vitna  
Hosanger, 01.12.03  
Solfrid T. Bardsley  
Gunnel Tveiten

På basar og loddsal kom det inn til saman kr.  
21.545,50  
Foreininga hev no kr. 80.000, på konto. Gunnel  
Tveiten fortel at dei hev planar om å nytta noko av  
desse midlane til å gjera kyrkjegarden finare. Eit  
rekkverk til å halda seg i på den bratte vegen langs  
muren frå porten i kyrkjegarden hev det og vore  
ynskje om.

## Lyttar du til Radio Osterøy?

Radio Osterøy sender kristne program 5 dagar i veka. Radioen vert driven med frivillige gåver og dugnadsinnsats av mange eldsjelar frå Osterøy. Tilsaman har radioen 22 sendetimar i veka.

Fotlandsvåg Indremisjon og Tysse Indremisjon er eigarane av Radio Osterøy.

Radio Osterøy kan høyrist i heile Nordhordland der radioen har konsesjon for 8 kommunar. Elles er det mogleg å høyra Radio Osterøy i Øygarden, delar av Sotra, Askøy, Arna og Åsane. Radioen sender i FM-bandet over Nordhordland Sendernett, der ein kan finna Radio Osterøy i FM-bandet 104.8 hovudsendar (Osterøy) - 106,8 (Fotlandsvåg) - 103.6 (Meland) - 106.0 (Lindås) og 100.0 Mhz (Knarvik). Sendarane 103.6 og 106.0 kan også takast inn svært bra mange stader på Osterøy.

Radio Osterøy og Radio PR er eigarar av Nordhordland Sendenett med 50% andel kvar. Desse to radiokanalane har saman inngått ein omfattande samsendingsavtale med 4 bystasjonar etter løye frå mediaforvaltninga. Dette gjer det mogleg å lytta til Kystradioen som dagleg har mykje lokale nyhetssendingar, også frå Osterøy, Radio Gnisten, Radio Fana og Radio Tabernaklet.

Radio Osterøy lagar eigne sendingar med barneprogram, musikkprogram, andaktar, intervju med møteopptak. Hovudføremålet med sendingane er å vinna mennesket for jesus, og gje dei Guds Ord til vekkjing, trøyst og hjelp. Årleg driftskostnad til radioen er ca. 60-70 tusen kroner.

Radio Osterøy er alltid svært takknemleg for gåve til radioen for å halda drifta i gong, og vi vil takka alle som har gjort det økonomisk mogleg å driva Radio Osterøy.

Kontonummer til Radio Osterøy er:

0530 2584 399

Adressa er: 5283 Fotlandsvåg.

# Lokalradioprogram for Radio Osterøy

Radio PR, Kystradioen, Radio Gnisten, Radio Fana og radio Tabernaklet. Du finn oss i FM-bandet: FM 104.8 (Osterøy, 103.6 (Meland, 106.0 (Lindås) og 106.8 (Fotlandsvåg).

## Mandag

- 09.00 - 11.00 **Kystradioen**  
Lokale nyheter,  
aktuelt og veien  
gjennom Bibelen  
11.00 - 12.30 **Radio Gnisten**  
Magasinprogram  
12.30 - 15.00 **Radio PR**  
Musikk  
15.00 - 17.00 **Kystradioen**  
Lokale nyheter,  
aktuelt og musikk  
17.00 - 20.00 **Radio PR**  
Musikk-program  
20.00 - 21.30 **Radio Gnisten**  
Ønskekonsert

## Tirsdag

- 09.00 - 11.00 **Kystradioen**  
Lokale nyheter,  
aktuelt og veien  
gjennom Bibelen  
11.00 - 12.30 **Radio Gnisten**  
Magasinprogram  
12.30 - 15.00 **Radio Osterøy**  
Musikk-  
/Magasinprogram  
15.00 - 17.00 **Kystradioen**  
Lokale nyheter,  
aktuelt og musikk  
**17.00 - 19.30 Radio Osterøy**  
Sang og  
musikkprogram  
**19.30 - 21.30 Radio Osterøy**  
Barnas kvarter,  
«Noe ble borte på  
veien», intervju,  
aktuelle innslag  
og andakt/tale.  
21.30 - 23.00 **Radio Tabernaklet**  
Omsorgsprogram

## Onsdag

- 09.00 - 11.00 Radio Osterøy**  
Reprise fra  
tirsdag kveld  
11.00 - 12.30 **Radio Gnisten**

- Omsorgsprogram  
12.30 - 15.00 **Radio PR**  
Musikk  
15.00 - 17.00 **Kystradioen**  
Lokale nyheter,  
aktuelt og musikk  
17.00 - 18.00 **Radio PR**  
Ungdomsprogram /  
Musikk  
20.00 - 21.30 **Ungdomsprogram**  
21.30 - 22.30 **Radio Tabernaklet**

## Torsdag

- 09.00 - 11.00 **Kystradioen**  
Lokale nyheter,  
aktuelt og veien  
gjennom  
Bibelen  
11.00 -  
12.30 Radio  
Gnisten  
Magasinprogram  
**12.30 - 15.00 Radio Osterøy**  
Musikk-  
/magasinprogram  
15.00 - 17.00 **Kystradioen**  
Lokale nyheter,  
aktuelt og musikk

- 17.00 - 19.30 Radio Osterøy**  
Sang og  
musikkprogram  
**19.30 - 21.30 Radio Osterøy**  
Barnas kvarter,  
«Noe ble borte på  
veien», «Et ord  
fra Jerusalem»,  
andakt / tale.  
21.30 - 22.30 **Radio Tabernaklet**

## Fredag

- 09.00 - 11.00 Radio Osterøy**  
Reprise fra  
torsdag kveld  
11.00 - 12.30 **Radio Gnisten**  
Magasinprogram  
12.30 - 15.00 **Radio PR**  
Musikk  
15.00 - 17.00 **Kystradioen**

- Lokale nyheter,  
aktuelt og musikk  
**17.00 - 19.30 Radio Osterøy**  
Sang og  
musikkprogram  
**19.30 - 20.30 Radio Osterøy**  
«Noe ble borte på  
veien», «Over en  
åpen Bibel», og  
musikk  
20.30 - 23.30 **Radio PR**  
Magasinprogram  
og omsorgspro-  
gram annenhver  
uke.  
23.00 - 03.00 **Radio PR**  
Nattsending

## Lørdag

- 09.00 - 10.00 Radio Osterøy**  
Reprisesending  
fra fredag kveld  
10.00 - 13.00 **Radio PR**  
Reprise  
20.00 - 21.00 **Radio Fana**  
Magasin  
21.00 - 23.00 **Radio Fana**  
Omsorgsprogram

## Søndag

- 10.00 - 11.00 **Kystradioen**  
Lokale nyheter,  
aktuelt og  
reportasjer  
11.00 - 12.30 Gudstjeneste /  
møteopptak  
12.30 - 13.00 **Kystradioen**  
Lokale nyheter,  
konkurranser og  
platehilsener  
13.00 - 13.30 **Kystradioen**  
Gjest i studio  
13.30 - 14.00 **Kystradioen**  
«Vindu mot livet»

Programpostene gjelder alle  
ukedager i 2004.

# Leiroversikt til Raknes- tunet:

## YNGSTES 1:

27-29. februar

3. og 4. klasse

400 kroner

## YNGRES 1:

5. til 7. mars

5. til 7. klasse

400 kroner

## 18+++LEIR

12. til 14. mars

Frå 18 år (fyller 18 i 2004)

og oppover

450 kroner

## TENLEIR

2. til 5. april

8 til 10. klasse

500 kroner

## FAMILIELEIR

7. TIL 10. april

Ektepar 1500 kroner

Enslig 750 kroner

Barn 4. til 7 år 350 kroner

Barn 8-14 år: 450 kroner

Vil DU vera med og gjera  
ein innsats?

Me treng også  
kjøkkenhjelp  
(aldersgrense 13 år) og  
leiarar (i alle aldrar). På  
familien treng vi  
barnepassarar  
(aldersgrense 13 år).

**Kjempefint om du kan  
vera med og be for  
leirane!**

# Nok for i dag, kjære Gud.

Eg ber kje for heile veka  
Gud – for ukjente dagar og år.  
Men berre om dette eine  
at nok for i dag eg får.

Nok kjærleik  
Nok kraft  
Nok styrke –  
Nok mot til å  
halde ut.  
Berre om dette eine-  
Nok for i dag,  
Kjære Gud.

Nok tolmod  
Nok visdom  
Nok glede-  
Nok glede til å  
vente i tru –  
Berre om dette eine-  
Nok for i dag,  
kjære Gud .

Irene Kleppe Høgetveit

( saksa frå Dagen 15. mai – 02)

## Takk for hjelpa

Arrangørane av  
familiekonserten i  
Osterøyhallen 1.februar vil  
takka alle som hjelpte til og  
gjorde at det vart råd å få til  
denne storsamlinga. Mykje folk  
og stor stemning gjorde  
ettermiddagen til ei stor  
oppleveling. Alle kyrkjelydane,  
indremisjonslaga  
, sundagsskulane, Kristent  
Fellesskap og Pinsemenigheten  
Sion gjekk i lag om å vera  
arrangør. Stor takk til alle som  
støtta arrangementet !



# Fin konsert i Hosangerkyrkja

Me som var i Hosangerkyrkja tysdagkvelden 10. februar fekk ei fin oppleving. Den unge songaren frå Karmøy, Sveinung Hølmebak, gledde oss med å framføra mange av våre kjende og kjære salmar både frå salmeboka og frå Sangboken.

Songrøysta var kraftig og god, med svært tydeleg uttale.

Med seg hadde han tre russiske musikarar. Serguei Kharlanov var ein meisterleg virtuos på balalaika, Vitalev Volokhovsky spela trekkspel og Oleg Titov spela bass- balalaika.


Dei gav oss nokre prøver på russisk folkemusikk, og songaren song og fleire kjende russiske songar.

Dei hadde med seg eige ljósanlegg som gav den rette varme stemninga i kyrkja.

Glatte vegar får vel ta litt av skulda for at ikkje fleire tok seg ut for å høyra denne fine konserten.

Men denne unge songaren får me nok høyra meir til.

**Olav Meltvik**



## Fasteaksjonen 2004

Årets aksjon fokuserer på vatn – grunnlaget for alt liv. 1,1 milliarder menneske har ikkje tilgang på rent drikkevatn. Åtte av ti sjukdomstilfelle kjem av mangel på rent vatn, därlege sanitærforhold og därleg hygiene. Omlag 5 millionar dør kvart år av dei same manglane. Fire av ti menneske lever i område med moderate til store vassproblem. I 2025 vil dette auka til to av tre.

Tilgang til rent vatn er ein føresetnad for god

helse, og derfor grunnleggjande i alt utviklingsarbeid. Utan god helse, minkar høvet til å gå på skule eller få jobb. Dermed vert det også vanskelegare for den enkelte og for landet til å få til menneskeleg og økonomisk utvikling. Din innsats kan hjelpe.

**KIRKENS NØDHJELP.  
fasteaksjonen 2004.**

## TV/Video til Kyrkjelydshuset

Kyrkjelydshuset i Haus nærnar seg no fullføringa. Det siste storarbeidet er utvidinga av kjøkkenet, og nytt all kjøkkeninnreiing. Til huset ynskjer me oss Tv/Video.

Til ulike tilskipingar kan me ha bruk for Tv og

Video. Er det noko som har brukande apparat som dei ikkje har bruk for lenger ? Dei kan kontakta leiaren i soknerådet ,tlf. 98064854, eller kyrkjekontoret.

# Vårlengt

Eg kjenner det på meg:  
Det brydder av vår-  
om spirande vekst  
under snøteppet står.

Å kom no vår  
med di signande sol.  
Så smeltar vel isen  
og blomane gror.

Å vår – du med sæla –  
og livsvon- kom snart.  
Kom livsvarm og fager-  
kom ljós og bjart !

Å kom no du vår  
med blom og med blad.  
Velkommen- velkommen  
eg helsar deg glad.



*Edvard Ruud  
Frå diktsamlinga "Tankar og ord frå landet i nord".*

